



ULSTEIN KOMMUNE

BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN 2020–2023

Framlegg frå kommunedirektøren



ULSTEIN
- der baug bryt båre

Ulstein – ein god stad for menneske i alle livsfasar

VERDIGRUNNLAG

- ▶ nyskaping
- ▶ omsorg
- ▶ rausheit
- ▶ mangfald



STYRINGSMÅL

- ▶ nøgde brukarar
- ▶ motiverte og kvalifiserte medarbeidrarar
- ▶ godt omdøme
- ▶ god ressursstyring



Ulsteinsamfunnet støttar og motiverer innbyggjarar, organisasjonar og næringsliv som viser visjonar, vilje og pågangsmot til beste for eiga utvikling, medmenneske og samfunn.



VÅRE TILSETTE

- ▶ arbeider etter verdigrunnlaget
- ▶ set brukaren i fokus
- ▶ representerer jobben og kommunen og gjer jobben sin på ein profesjonell måte
- ▶ følgjer lojalt opp vedtak og styringssignal



VÅRE LEIARAR

- ▶ er utviklingsorienterte
- ▶ kommuniserer godt
- ▶ har endringsvilje
- ▶ er lojale
- ▶ har evne og vilje til leiing

Framsidefoto: Pink Guitar på Sjøborg under UKM 2019. Foto: Victoria Myklebust, UKM Ulstein
Baksidefoto: Vinter i Ulsteinfjella. Foto: Svein Arne Orvik

INNHOLD

"11 000 I 2040" – INNLEIING VED KOMMUNEDIREKTØREN	4
ETATSVISE OVERSIKTER	6
Sentraladministrasjonen	7
Helse- og omsorgsetaten	9
Oppvekst- og kulturetaten	11
Teknisk etat	13
Driftsbudsjett for etatane	15
ØKONOMISKE OVERSIKTER	16
Kommentarar til oversiktene	17
Driftsbudsjettet (skjema 1A)	22
Driftsbudsjettet fordelt på etatar (skjema 1B)	23
Investeringsbudsjettet (skjema 2A)	24
Fordeling av investeringsbudsjettet (skjema 2B)	25
Gruppering av tiltak	26
AVDELINGSVISE OVERSIKTER	28
Økonomiavdelinga	30
Personalavdelinga	30
Servicetorg og dokumentsenter	31
Demokrati og kommunikasjon	31
Helse og omsorg	32
Helsestasjonstenesta	34
Legetenesta	34
Nav	35
Haddal skule	35
Hasund skule	36
Ulstein skule	36
Ulsteinvik Barneskule	37
Ulstein ungdomsskule	37
Sundgotmarka barnehage	38
Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT)	38
Ulstein kulturskule	39
Inkludering og mangfold	39
Kulturavdelinga	40
Plan- og bygningsavdelinga	40
Anleggs- og driftsavdelinga	41
Hareid og Ulstein brannvesen	41



11 000 i 2040

«Det er altså eit reelt behov for omstilling/effektivisering for å tilpasse drifta til forventa økonomisk rammer. Behovet er større enn det ein kan dekke med omstillingstiltak innanfor den enkelte sektor, og på mange områder er gevinstane ved sektorintern samordning henta ut».

Dette er ein ganske presis omtale av situasjonen for økonomiplanperioden 2020 til 2024, men utsega er ikkje nytt, det er henta frå økonomiplandokumentet for Ulstein kommune for 2005–2008. Det er ei av utfordringane vi står overfor. Dette å halde eit auge på drifta og driftsrammene, og eit auge på det langsigtige målet der framme.

SITUASJONEN NO

Rammene for 2020 er svært stramme. Det er teikn på betring i næringslivet, og arbeidsløysa er på veg nedover. Den usikre situasjonen på Kleven og utfordringane med lav inntening innanfor den maritime klynga gjør at vi er forsiktige med å legge inn vekst. I kommunedirektøren sitt framlegg er det lagt til grunn nullvekst i folketalet frå 2019 til 2020. Det positive i situasjonen er at skatteinntektene i Noreg er høge, og kommunen får ein del av dette gjennom inntektsutjamninga.

(TAL I MILLIONAR KR)	2020	2021	2022	2023
Endring skatt	-8,1	-7,1	-6,1	-6,1
Endring rammetilskot	-8,8	-8,8	-8,8	-8,8
SUM INNTEKT	-16,9	-15,9	-14,9	-14,9
Auke i løn	13,3	13,3	13,3	13,3
Innarbeidde endinger frå øyremerka tilskot	4,2	4,5	4,1	4,1
Pålagde innsparinger	7,4	9,5	9,5	9,5
Redusert inntekt flyktning og asylmottak	6,3	9,2	10,7	10,7
OMSTILLING UT OVER INNTEKTSAUKE	14,3	20,6	22,7	22,7

Ut frå dei økonomiske styringsindikatorane er det eit krav at Ulstein kommune skal ha eit netto driftsresultat på 1,75 % av driftsinntektene. Dette kravet er ikkje oppfylt i økonomiplanen. Det er ikkje budsjettet med avsetning til fond i økonomiplanperioden ut over små justeringar for å balansere budsjettet. Styringsindikatoren om 20 % eigenkapital på investering er oppfylt for alle prosjekt med unntak av investeringa i byggefelt på Skeide. Denne er lånefinansiert fullt ut, og tilbakebetaling skjer med sal av tomter. I økonomiplanperioden er det prioritert å gjennomføre dei pålagde

innsparingstiltaka og innarbeide endringane i rammetilskotet. I tillegg er det tatt høgde for redusert inntekt og aktivitet på grunn av redusert mottak av flyktningar og nedlegging av asylmottaket.

Kommunen sin økonomiplan er utarbeidd i faste prisar, det vil seie at det ikkje er lagt inn generell lønsvekst, kostnadsvekst eller inntektsauke på drift for dei tre siste åra i økonomiplanperioden. Dei endringane som kjem i perioden er knytt til tiltak og aktivitetsendring.

15 år etter sitatet i starten er inntektsida auka frå 199 til 540 millionar kr, men utfordringane, rammene og krava til kommunen er større enn nokon sinne. I kvart budsjett tilpassar vi oss nye rammer og leitar etter innsparing og kostnadsreduksjonar. No er vi komne dit at vi må ta vekk tiltak. Skal vi skjerme tenesteproduksjonen for store endringar må vi hente inn gevinstar ved samordning og samarbeid over kommunegrensene. Noverande vertskommunesamarbeid har gitt meir robuste fagmiljø og auka tenestekvalitet, men det har i liten grad gitt økonomiske gevinstar.

Vertskommunesamarbeidet i regionen er òg fragmentert, det er ulike samansetningar av kommunar som samarbeider om ulike oppgåver. Kommunane må etablere eit strategisk samarbeid slik at vi ikkje stoppar i lokaliseringsdebatt og særinteresser, men finn løysingar i fellesskap. Det primære målet med samarbeid framover må vere å ta ut økonomisk gevinst. Dette samarbeidet må formaliserast, omfatte både politisk og administrativt nivå og vere tufta på ein samarbeidsavtale.

2020 gir oss store utfordringar. Det sentrale lønsoppgraderet for kapittel fire, som omfattar storparten av våre tilsette, vart kostbart. Oppgraderet gir ein auke på 3,2 %. I tillegg er der lagt inn ei garantiøn for tilsette med tre og fireårig utdanning og 10 og 16 års ansiennitet. Ordninga var òg for dei med fagbrev og same ansiennitet. Dette slår svært sterkt ut, spesielt innanfor helse og omsorg. Heilarseffekten inn i 2020 vart om lag 13,3 millionar kr.

I 2018 vart det lagt inn ein forventa reduksjon i tilskotet til private barnehagar på 4,8 millionar kr frå 2020. Vi ser ut frå barnetal og ut frå kostnaden knytt til ein barnehageplass at det ikkje er grunnlag for denne reduksjonen. Dette beløpet må difor innarbeidast i økonomiplanen. Ein del av grunnlaget for auken er auka barnetal og at vi ikkje får kompensert fullt ut kostnaden med bemanningsnormen.

Mange tilskot som før kom som øyremerka tilskot er lagt inn i rammetilskotet frå 2020. Dette har gitt store utslag for vår kommune. I 2019 fekk kommunen 2,7 millionar kr i øyremerka tilskot for demensplass for heimebuande. I 2020, når dette vert innarbeidd i rammetilskotet, er kommunen sin del 0,6 millionar kr. I kompensasjon for lærarnormen er det i 2019 gitt 2,3 millionar kr. Når den vert innarbeidd i rammetilskotet, er kompensasjonen 1,5 millionar kr. I tillegg skal kommunen bruke av realvekst i frie inntekter.

Av auken i skatt og rammetilskot som vi har lagt inn på 16,8 millionar kr, går omlag 13,3 millionar kr til auke i løn og omlag 4,2 millionar kr til tiltak som er lagt inn i rammetilskotet frå statleg hald.

Redusert busetting av flyktninger og nedlegging av asylmottaket gir oss reduserte inntekter og reduserte tilskot til norskopplæring. Nettoeffekten av dette er ein inntektsreduksjon i 2020 på 6,3 millionar kr, 9,2 millionar kr i 2021 og 10,7 millionar kr årleg i 2022 og 2023. Redusert inntekt gir oss betydelege utfordringar på omstilling. Inntektsbortfallet kan berre i avgrensa grad dekkast med redusert aktivitet.

For Ulstein Arena er det rapportert om store avvik i 2019. Det er lagt inn ei justering i husleige til UEKF for å dekke opp total investeringsramme. På driftssida er det kostnadsoverskriding på om lag ein million kr og manglande inntekt med om lag ein million kr. I økonoplanten er det rådd til ei auke på ein million kr i drift. Ut over det må ein tilpasse drifta til budsjetttrammene.

I gjeldande økonoplanten ligg det inne 9,5 millionar kr i innsparinger jf. vedtak i kommunestyresak 19/19. Av dette er 7,4 millionar kr konkretisert som innsparingsprosjekt i 2020, 9,5 millionar kr i 2021, 2022 og 2023. 2,3 millionar kr av innsparingane er lagt på NAV og barnevern, 0,4 millionar kr på UEKF og resten på kommuneorganisasjonen.

På investeringssida er det stort sett vidareføring av tiltak frå førre økonoplant som ligg inne. Dei store investeringane er utbygging av barneskulen, ny brannstasjon og investeringar innafor vatn og avløp. Der er òg lagt inn eit beløp til kjøp og oppgradering av fiskerihamn i sentrum ut frå pågående dialog om overtakting av hamna. Planprosessen «Paralelloppdrag for sentrum» er omtalt tidlegare.

Ny kyrkje er ikkje lagt inn i budsjettet. Der er ikkje driftsrammer i kommunen til å legge inn større investeringar, og der er heller ikkje rammer til å garantere for eit låneoptak til soknet for å gjennomføre utbygging i Ulstein sokn sitt budsjett. Der er òg eit omfattande behov for vedlikehald og oppgradering av eksisterande kyrkjebygg.

Det er utfordrande å diskutere store investeringar innafor ramma av ein økonoplant (fire år), spesielt med stort investeringsbehov og strame rammer. Rådmannen vil difor legge fram ei sak om rammene for investering i eit ti års perspektiv (2021–2030) i ei eiga sak i juni.

LANGSIKTIG UTVIKLING

For 2020 er hovudfokuset å få til omstillingar og reduksjonar slik at vi ikkje dreg med oss dette omstillingsbehovet inn i 2021. Vidare må vi få etablert rett nivå på budsjettposten for tilskot til private barnehagar.

Det er òg svært viktig å få gjennomført planprosessen (parallelloppdraget) for Ulsteinvik sentrum. Det ligg klare føringar i strategien Ulsteinvik 2046. Ulstein kommune har god tilgang til offentlege areal i sentrum og på Ulshaugen. Kommunen er med i eit prosjektsamarbeid med Husbanken og Ørsta og Volda kommunar om planar og tiltak for eit aldrande samfunn, og vi har dermed eit unikt utgangspunkt. Med god planlegging kan vi bygge eit framtidsretta tilbod innanfor helse og omsorg, skape fortetting, gode bumiljø og næringsutvikling i sentrum.

Arbeidet med revidering av Ulstein kommune sin visjon og kommunen sitt verdigrunnlag, er noko vi skulle ha starta opp med, men vi finn ikkje midlar til prosessen og heller ikkje ressursar til arbeidet når vi prioriterer arbeidet med planprosess i sentrum.

I økonoplanten for 2019 til 2022 sette vi fokus på FN sine berekraftsmål. Ulstein kommune må sette dette på dagsorden og utarbeide klimamål og handlingsplan. Ålesund kommune har, som ein del av arbeidet med Smart by, gjennomført ei detaljkartlegging av kommunen sine utfordringar knytt til berekraftsmåla. Ei slik kartlegging skulle vi òg ha gjort. Ålesund, Molde og Kristiansund gjennomfører store satsingar under paraplyen Smart by. Det er ein stor risiko for at regionen søre Sunnmøre vert hengande etter på dette området. Ulstein kommune har ei forankring for dette arbeidet i vår samfunnssdel av kommuneplanen i kapittel 10. Ei satsing på dette området må stå svært høgt på agendaen når ny økonoplant skal på plass neste år. I mellomtida må kommunen løfte fram konkrete mål gjennom det pågående arbeidet med levekårsplan og arbeidet med planstrategi.

Mykje av fokuset i denne økonoplanten er retta mot justering og tilpassing på drift. Ikkje eit forbigåande problem, men ei fast utfording om du ser på tekstdelen frå 15 år tilbake som er sitert i starten. Skal vi kome oss ut av denne klemma, må vi tenke nytt og stort om måten vi arbeider på og ikkje minst om måten vi samarbeider med andre kommunar på. Vi kan godt tenke på samarbeid innafor stabseiningar, men dei store pengane våre går til drift på oppvekst og helse og omsorg. Kven klarer å tenke nytt og stort om samarbeid på desse områda? Den stramme driftssituasjonen er ein fellesnemnar for alle dei sju kommunane på søre Sunnmøre.

Så vil vi i 2020 sjå at der er framtidstru og optimisme i lokalsamfunnet. Nye bygg på Sjøsida og i Bjørndalsvegen viser at lokale investorar har tru på utviklinga. Utbyggingane opnar for nye park- og gangareal. Kommunen får gode resultat på folkehelseundersøkingar og ung data undersøkinga. Vi har eit svært godt lokalsamfunn, det er eit godt grunnlag å bygge vidare på slik at Statistisk sentralbyrå får rett i sine prognosar – 11 244 innbyggjarar i 2040.

VERNER LARSEN
kommunedirektør

Etatsvise oversikter

SENTRALADMINISTRASJON
HELSE OG OMSORG
OPPVEKST OG KULTUR
TEKNISK
DRIFTSBUDSJETT FOR ETATANE



KOMMUNALSJEF MONICA CECILIE TORP

Sentraladministrasjonen

Sentraladministrasjonen består av kommunedirektørkontoret og kommunedirektøren sine stabsfunksjonar som økonomi, personal, dokumentsenter, servicetorg, demokrati og kommunikasjon. Eininga utfører støttefunksjonar for kommunalsjefar, leiarar i kommunen og politikarar. Sentraladministrasjonen har også kontrollfunksjonar opp mot rutinar og regelverk sentralt og lokalt. Overordna ansvar for strategiutvikling, kommunalt planarbeid og tettstadsutvikling er og lagt til eininga. Området for demokrati og kommunikasjon har ansvar for kommunikasjonsarbeid, lokaldemokratiske prosessar og er koordinator for beredskap.

Slik jobbar sentraladministrasjonen for å skape ...

	MÅL	TILTAK	INDIKATOR
NYSKAPING	Gjere det enkelt for innbyggjarane å løye oppgåver, hente informasjon og kome med idéar	Fulldigital søkeprosess	Publiserte digitale søknadsskjema
		Vidareutvikle digitale kommunikasjonskanalar	Tal på besøkande
		Klarspråk	Færre oppringningar frå innbyggjarar som ikkje har forstått skriftleg informasjon
	Sikre god tilgang på godt kvalifiserte søkerar og godt kvalifiserte tilsette	Ta i bruk andre kanalar for marknadsføring / utlysing	Ta i bruk talet på søkerar som finn oss i nye kanalar
			Ingen andregongsutlysing på stillingar
	Jobbe for at Ulstein blir ein meir berekraftig kommune	Utarbeide konkrete klimamål	Vedtekne klimamål
OMSORG	Innbyggjarane medverkar i avgjerdsprosessane.	Aktiv i å utvikle arenaer for innbyggardialog	Deltaking på folkemøte
			Besøk på "På saklista"
	Gi innbyggjarane gode møte med kommunen.	100 % velkommen	Servicegrad
		Etablere eit servicesystem for oppfølging av spørsmål og førespurnader frå innbyggjarane	
	Stabile, kvalifiserte og motiverte tilsette som yter gode tenester	Leiarutvikling, verdiar og service på dagsorden Heiltidskultur	10 faktor analyse – over landsgjennomsnittet på alle områder Minimum landsnivå i tal på heile stillingar og gjennomsnittleg stillingsprosent
RAUSHEIT	Vi samskapar mellom folkevalde, administrasjon, næringsliv, frivillige og innbyggjarar.	E-læring og deling av kunnskap og kompetanse Vidareutvikle bruken av idé- og prosjektverktøyet Induct Bruk av skaparhuset	Tal på gjennomførte opplæringskurs Tal på innkomne idéar
MANGFALD	Etablere den attraktive staden med urbane kvalitetar og tiltrekningskraft	Legge inn mangfold som eit kriterium ved intervju – kalle inn ekstra	
ØKONOMI-STYRING	Avvik mot budsjett 0 Arbeidsnærvær over 97 %		



Rådhuset i pepperkakebyen på Ulstein bibliotek.



KOMMUNALSJEF MARIT BOTNEN

Helse- og omsorgsetaten

Helse og omsorg omfattar legetenesta, helsestasjon, Nav Ulstein, heimetenester, institusjon og dagsenter. Ansvar og oppgåver vert meir og meir overført til kommunane og vi har no overordna ansvar for førebygging og behandling av alle helseproblem hos innbyggjarane. Dette betyr også at helse- og omsorgsetaten er ein sentral aktør i overordna planarbeid.

Slik jobbar helse- og omsorgstenestene for å skape ...

	MÅL	TILTAK	INDIKATOR
NYSKAPING	Vi lærer og tenkjer nytt	Ta i bruk velferdsteknologiske løysingar	Tal på digitale tilsyn, e-lås, e-rom, digitale tryggleiksalarmer, gps, medisindispensarar
	Gode pasientforløp	Tverrfagleg samarbeid Sjekklister på alle nye brukarar Innføre helseplattforma i 2023	Tal på Sjekklister Færre innleggningar i korttidsavdeling sjukeheim
	Rett kompetanse	Godt arbeidsmiljø, attraktiv som arbeidsgjevar Heiltidskultur – lyse ut heile stillingar	Auka prosentandel med høgare utdanning eller anna relevant kompetanse
OMSORG	Brukarmedverknad/gode tenester	Brukarutval og gode møteplassar Innbyggardialog via Helsenorge Aktiv bruk av media	Brukarundersøkingar
	Alle skal ha tilbod om tilpassa bustad	Sette i gang planarbeid Ulshaugenområdet grunna oppgåver som vert lagt til kommunen og auke i tal på brukarar	Tal på nye bustader Venteliste
	«Leve heile livet»	Fokus på: Eit aldersvenleg Ulstein Aktivitet og fellesskap Mat og måltid Helsehjelp Samanheng i tenestene	Er med på det nasjonale programmet Godne møteplassar Tal på brukarar med ernæringsplan Kvardagsmeistring Gode pasientforløp
RAUSHEIT	Aldersvennleg samfunn	Samarbeide med lag og organisasjoner Innmelding i nasjonalt program	Tal på aktivitetsvener (8 i 2019)
	Tidleg innsats for barn og unge	BTI (betre tverrfagleg innsats) Tilsett prosjekteiar	Tal på born i prosjektet
MANGFALD	Felles møteplassar på tvers av generasjoner	Universell utforming Aktivitet og kultur for alle «frå vogge til grav» Sambruk og samlokalisering Møteplassar mellom born/unge og eldre	Fleire samarbeidsavtalar Tal på plassar for demente Tal på skular/barnehagar som besøkjer oss
	God integrering	Språk og arbeidspraksis Legge til rette for fleire varig tilrettelagde arbeidsplassar Helsefagutdanning for minoritetsspråklege	Tal på personar i arbeidspraksis Tal på tilsette med flyktning/arbeidsinnvandring
ØKONOMI-STYRING	Driftsøkonomi i balanse Variable tillegg må justerast i takt med sentrale og lokale oppgjer		



KOMMUNALSJEF GRY NORDAL

Oppvekst- og kulturetaten

Etaten tek hand om tenesteområda barnehage, grunnskule, PPT, vaksenopplæring, flyktningtenesta, norsk for framandspråklege, kultur og idrett. Ulstein kommune er vertskommune for interkommunalt PPT-kontor for kommunane Volda, Ørsta, Hareid og Ulstein.

Slik jobbar oppvekst og kultur for å skape ...

	MÅL	TILTAK	INDIKATOR
NYSKAPING	Eit samfunn prega av kreativitet, utdanning, læring, kompetanse og kunnskap	Sikre god kompetanse og kvalitet i tenestene, med særleg fokus på dette i rekrutteringssamanhang	Elevundersøkinga, del om skolemiljø GSI – grunnskulens informasjonssystem Basil – rapporteringssystem for barnehage Rapporteringssystem intro/flyktning, tal i arbeid
	God samhandling og interaksjon internt og eksternt	Kople menneske og miljø saman, og skape nye forbindelsar og møteplassar som fremjar god samhandling	Samarbeidsprosjekt
		Utstrekkt bruk av teknologi	Fornye forpliktande avtalar
		Vidareutvikle samarbeid med næringsliv/arbeidsliv	Elevundersøkinga, del om skolemiljø
OMSORG	Eit mangfaldig samfunn der alle kjenner seg inkluderte	Nulltoleranse for mobbing på alle område og i alle aldrar	Skule: elevundersøkinga Samfunn: døme/omtale
	God brukarmedverknad i tenestene.	Sikre godt oppvekstmiljø	Tiltak retta mot formålet: 5
		Aktivt arbeid med sosial inkludering Sikre brukarmedverknad i tenestene, legge til rette for gode møteplassar	Brukardeltaking i rådsorgan mm.
RAUSHEIT	Rom for alle Eit samfunn der det er lov å gjøre feil – og vi lærer av dei	Skape arenaer der ulikskap vert verdsett og nyttा positivt Utstrekkt samarbeid med lag og organisasjoner Legge til rette for nytenking som fører til nyskaping	Omtale av arenaene Tal på samarbeidsprosjekt Nyskapingsprosjekt
MANGFALD	Open og mottakeleg for nye initiativ, nye idear, og nye utfordrande planar/tankar	Vere oppdatert på utviklingstrendar utover vårt lokalsamfunn. Aktivt driv for endring og utvikling	Deltaking på ulike sentrale informasjonsarenaer
ØKONOMI-STYRING	Målsetting: Realistiske budsjett for alle ansvarsområde, og ei bevisst haldning til ansvaret med å tilpasse kostnad til budsjett Avvik mot budsjett = 0 Arbeidsnærvær på 95 %		





KOMMUNALSJEF ARNE RUNAR VIK

Teknisk etat

Teknisk etat har ansvar for følgjande:

Plan- og bygningsavdelinga

plan, byggesak, geodata, miljøvern

Anleggs- og driftsavdelinga

veg, vann, avløp, grøntanlegg, hamn

og utbyggingsprosjekt innanfor desse fagfelta

Hareid og Ulstein brannvesen

brann- og ulukkesberedskap, brannførebyggande arbeid

inkludert feiing og beredskap mot akutt forureining

Kommunalsjef teknisk

Sal av kommunale bustad- og industritomter,

Husbanken sine låne- og tilskotsordningar, grunnerverv

og sal av kommunal grunn

Slik jobbar teknisk etat for å skape ...

	MÅL	TILTAK	INDIKATOR
NYSKAPING	Effektive og gode planprosesser	Kompetanse, kapasitet og prioritering som gjev oppdaterte planverk	Ny planstrategi legg føring på framdrift
	Ha kartgrunnlag i nasjonal toppklasse	Oppdatere basar fortløpende Flykartlegging etter Geovekst-plan Følgje teknologisk utvikling og utnytte koplinger	Grad av oppdatering Ajourhald av leidningskart og andre temakart
	Fortette i sentrum	Følgje opp kommuneplanens arealdel med parallelloppdrag og områdeplan for Ulsteinvik sentrum	Utviklinga i talet på innbyggjarar i sentrum
	Drive innovasjon i tenesteproduksjon	Optimalisere arbeidsprosesser basert på digitale løysingar, god logistikk og utnytte synergiar Digitalisere alt som digitaliserast kan Prosjekt digitalt førsteval – teknisk sektor	Framdrift i prosjekt Digitalt førsteval teknisk sektor og tal på gjennomførte einskildtiltak
	Enkel og god kommunikasjon for gåande, syklande og køyrande	Fokus på rasjonell drift Halde vegnettet godt vedlike Følgje opp trafikktryggingsplanen (drift/vedlikehald m.m.)	Tal på løpemeter veg nylagd asfalt Løyvingar i økonomiplan
	Verne om miljøet	Gjere ladestasjonar for el-bil lettare tilgjengeleg	Tal på ladestasjonar og type
		Miljøfokus og berekraftig utvikling skal ligge til grunn for alle planprosesser og einskildtiltak/prosjekt	Inn i planomtale og i plankart / føresegner og ved gjennomføring av tiltak
		Kommunedelplan avløp skal følgjast opp	Handlingsprogram
		Trygg og god vassforsyning	Ingen hygieniske avvik
OMSORG	Universell utforming (UU) og folkehelse skal vere i fokus	UU og folkehelseperspektivet vert lagt til grunn i all planlegging og ved gjennomføring av tiltak Følger standard for UU	På plass i føresegner og standardar Fysisk utføring i samsvar med UU-rettleiarar
	Legge fysisk til rette for attraktive møteplassar i uterommet	Etablere møteplassar i det offentlege rom, og møblere/utstyre desse så dei vert attraktive	Bruk – nøgde brukarar
	Ha eit trafikktrygt vegnett	I alle plan-, utbyggings- og vegsaker skal tryggleik for alle trafikkantar vere i fokus Følgje opp tiltaka i trafikktryggingsplanen	Tal på trafikkuhell/-ulukker årleg på kommunalt vegnett
RAUSHEIT	Betre digital kompetanse	Prosjektet digitalt førsteval	Gjennomførte tiltak i prosjektet
	Utvikle ein variert bustadmarknad med tilbod for alle grupper	Legge denne målsetjinga til grunn i planarbeidet	Auke den prosentvise delen av leilighete i kommunen
MANGFALD	Brei medverknad i planprosesser	Vidareutvikle nye arenaer for medverknad Nytte CityPlanner og UMS-varsling Vurdere brukarpanel	Tal på varsla partar, og tal på innspel/merknader til planar
	Ha attraktive møteplassar	Oppgraderings- og vedlikehaldsprogram	Økonomisk løying
	Ulstein skal vere ei trygg kommune å bu i	Tiltak mot uønska hendingar skal ha fokus Det skal drivast eit godt førebyggande arbeid t.d. mot brann Kommunal beredskap (ved krise, mot brann/ulukke m.m.) skal vere god	Ingen ulukker eller uønska hendingar
ØKONOMI-STYRING	Halde driftsbudsjettet God økonomisk kontroll på investeringsprosjekt		

Driftsbudsjett for etatane

FOLKEVALDE

	REKNESKAP 2018	BUDSJETT 2019	BUDSJETT 2020	BUDSJETT 2021	BUDSJETT 2022	BUDSJETT 2023
Sum utgifter	4 600 334	4 924 976	4 024 428	4 224 428	4 024 428	4 224 428
Sum inntekter	-112 954	-318 225	-58 625	-58 625	-58 625	-58 625
FOLKEVALDE	4 487 380	4 606 751	3 965 803	4 165 803	3 965 803	4 165 803

SENTRALADMINISTRASJONEN

	REKNESKAP 2018	BUDSJETT 2019	BUDSJETT 2020	BUDSJETT 2021	BUDSJETT 2022	BUDSJETT 2023
Sum utgifter	37 663 037	38 939 672	38 414 917	35 115 847	35 765 847	35 765 847
Sum inntekter	-6 619 643	-5 938 103	-4 844 782	-4 868 240	-4 891 697	-4 915 865
SENTRALADM., KYRKJE M.M.	31 043 394	33 001 569	33 570 135	30 247 607	30 874 150	30 849 982

HELSE OG OMSORG

	REKNESKAP 2018	BUDSJETT 2019	BUDSJETT 2020	BUDSJETT 2021	BUDSJETT 2022	BUDSJETT 2023
Sum utgifter	247 378 440	234 852 524	242 913 683	243 346 933	244 646 933	244 646 933
Sum inntekter	-72 612 100	-56 263 917	-58 385 667	-58 625 667	-58 625 667	-58 625 667
HELSE OG OMSORG	174 766 340	178 588 607	184 528 016	184 721 266	186 021 266	186 021 266

OPPVEKST OG KULTUR

	REKNESKAP 2018	BUDSJETT 2019	BUDSJETT 2020	BUDSJETT 2021	BUDSJETT 2022	BUDSJETT 2023
Sum utgifter	352 785 968	329 419 968	320 362 776	316 877 776	315 977 776	315 977 776
Sum inntekter	-77 394 215	-65 494 620	-49 443 921	-48 455 921	-48 455 921	-48 455 921
TEKNISK ETAT	275 391 754	263 925 348	270 918 855	268 421 855	267 521 855	267 521 855

TEKNISK ETAT

	REKNESKAP 2018	BUDSJETT 2019	BUDSJETT 2020	BUDSJETT 2021	BUDSJETT 2022	BUDSJETT 2023
Sum utgifter	75 255 011	67 397 332	54 741 110	55 567 610	56 070 610	56 587 610
Sum inntekter	-45 487 090	-48 842 543	-49 994 341	-51 609 384	-53 030 926	-55 018 758
TEKNISK ETAT	29 767 922	18 554 789	4 746 769	3 958 226	3 039 684	1 568 852

Økonomiske oversikter

KOMMENTARAR TIL OVERSIKTENE

DRIFTSBUDSJETTET (SKJEMA 1A)

DRIFTSBUDSJETTET FORDELT PÅ ETATAR (SKJEMA 1B)

INVESTERINGSBUDSJETTET (SKJEMA 2A)

FORDELING AV INVESTERINGSBUDSJETTET (SKJEMA 2B)

GRUPPERING AV TILTAK

Kommentarar til oversiktene

FRIE INNTEKTER, FINANSPOSTAR MED MEIR


Inndelinga av kommentarane her fylgjer oppdelinga i budsjettet. Budsjettet er utarbeidd i faste prisar. Der ligg ingen korreksjon for prisauke eller lønsauke på utgiftssida utover at lønsvekst for 2019 er lagt inn med heilårsverknad for 2020. Det er heller ikkje lagt inn kompensasjon for prisstigning på inntektsida.

RAMMETILSKOT OG SKATT

Grunnlaget for utrekning av rammetilskotet er innbyggartalet per 1. juli 2019. For budsjettåret 2020 vil det være folketalet per 1.1. 2020 som gjeld for utrekning av gjennomsnittleg skatteinntekt per innbyggjar og dermed også for inntektsutjamninga.

Med omsyn til skatteanslaget for økonomiplanperioden er det lagt til grunn ein skatteinngang per innbyggjar lik landssnittet og nullvekst i folketalet i 2019. Ved utgangen av oktober var det 8 599 innbyggjarar i kommunen, 10 færre enn ved nyttår.

Med omsyn til skatteinntekta per innbyggjar har denne dei tre siste åra vore tilnærma lik landssnittet, sjå figuren under:



Utviklinga hittil i år er så å seie identisk med fjoråret, og det er difor rekna med ein skatteinngang lik landssnittet i økonomiplanperioden. Sjølv om arbeidsløysa i det siste har gått noko ned, finn vi det fornuftig å legge eit konservativt skatteanslag til grunn. Ein kommune på Ulstein sin størrelse vil tape om lag éin million kr for kvart prosentpoeng ein sakkar akterut i høve landssnittet.

I forhold til økonomiplanen for 2019–2022 er det ein samla auke i skatt og rammetilskot på 16,883 millionar kr for 2020. I gjeldande økonomiplan låg det allereie inne ein forventa

auke i skatteinntektene på éin million kr årleg frå og med 2020, mens rammetilskotet for 2020–22 var redusert med 1.039.000 grunna forventa bortfall av kompensasjon for å vere «ufrivillig liten». Sidan vi budsjetterer i faste prisar og dei lokale framtidsutsiktene er noko usikre, er den årlege auken i skatteinntektene frå førre økonomiplan tatt vekk. I denne økonomiplanperioden er òg rammetilskotet lagt inn med likt beløp for alle åra. Dei endelige rammene for rammetilskotet er ikkje avklart før budsjettvedtaket er gjort før jul i Stortinget.

Eigedomsskatt vart innført i Ulstein kommune i 2018. Dette er vidareført i økonomiplanen, men det er teke høgde for at ein ved berekninga av eigedomsskattegrunnlaget aukar reduksjonsfaktoren frå 20 til 30 % av marknadsverdien frå og med 2020. I økonomiplanbehandlinga i fjor vart det vedteke botnfrådrag ved innkrevjing av eigedomsskatt med 200 000 kr per bustad, med ein forventa inntektsreduksjon i eigedomsskatten på 1,5 million kr for 2020. Dette er trappa ytterlegare opp for noverande økonomiplan med ein forventa årleg inntektsreduksjon på 2,25 millionar kr.

INNBYGGARTILSKOT

Tilskot pr innbyggjar før utgiftsutjamning er 25 083 kr i 2020. Innbyggartalet som er lagt til grunn er talet pr 1.7. 2019 (8 610). For meir informasjon, sjå [frie inntekter for Ulstein kommune](#).

UTGIFTSUTJAMNING (JUSTERING UT FRÅ KOR KOSTNAÐSKREVJANDE DET ER Å DRIFTE KOMMUNEN)

Denne delen av rammetilskotet vert rekna ut frå variablar som mellom anna går på alderssamsetning, nokre sosiale kriterium, talet på psykisk utviklingshemma, reisetid til sentrum m.m. Ulstein kommune sin del

i det enkelte kriteriet vert vekta opp mot landssnittet. Ligg vi over snittet vert vi kompensert, ligg vi under snittet vert vi trekt. I 2020 ligg kostnadsindeksen på 0,9982, mens den låg på 0,991 for 2019. Dette gjer at vi går frå eit trekk på 4 147 000 i 2019, til eit trekk på 866 000 i 2020. Det som dreg opp for Ulstein i 2020 er aldersgruppene frå 2 til 22 år (spesielt aldersgruppa 6–15 år), samt kriteria “innvandrar 6 til 15 år”, “PU over 16 år” og “barn 1 år utan kontantstøtte”. På dei andre kriteria ligg vi under snittet og samla sett ligg vi litt under snittet med omsyn til utgiftsbehov.

BEREKNING AV UTGIFTSBEHOV

BEREKNING AV UTGIFTSBEHOV - TILLEGG/TREKK I KRONER FOR ÅR 2020 (UTGIFTSUTJAMNANDE TILSKOT)							
	HEILE LANDET		ULSTEIN		BRUK AV FOLKETAL 1.7.2019		
	Vekt	Tal på	Tal på	Utgifts- behosindeks	Pst. utslag	Tillegg/frådrag i utgiftsutj	kr per innb.
0–1 år	0,0056	111 725	200	1,1114	0,06 %	34	295
2–5 år	0,1374	241 699	392	1,0070	0,10 %	52	452
6–15 år	0,2615	642 002	1 145	1,1073	2,81 %	1 539	13 251
16–22 år	0,0233	456 651	828	1,1258	0,29 %	161	1 384
23–66 år	0,1053	3 076 256	4 838	0,9764	-0,25 %	-136	-1 171
67–79 år	0,0565	588 564	871	0,9188	-0,46 %	-252	-2 166
80–89 år	0,0772	183 672	270	0,9127	-0,67 %	-370	-3 182
over 90 år	0,0389	45 166	66	0,9073	-0,36 %	-198	-1 703
Basistillegg	0,0161	275	0,5689	1,2864	0,46 %	253	2 177
Sone	0,0102	20 594 754	23 491	0,7082	-0,30 %	-163	-1 405
Nabo	0,0102	9 462 950	14 618	0,9591	-0,04 %	-23	-197
Landbrukskriterium	0,0021	1	0,0009	0,5883	-0,09 %	-47	-408
Innvandrarar 6–15 år ekskl Skandinavia	0,0070	51 420	103	1,2437	0,17 %	94	805
Flyktningar utan integreringstilskot	0,0084	152 561	171	0,6959	-0,26 %	-140	-1 206
Dødelegheit	0,0458	40 228	54	0,8334	-0,76 %	-418	-3 602
Barn 0–15 med einslege forsørgarar	0,0177	116 670	153	0,8142	-0,33 %	-180	-1 553
Lavinntekt	0,0111	276 501	376	0,8443	-0,17 %	-95	-816
Uføre 18–49 år	0,0065	107 852	117	0,6735	-0,21 %	-116	-1 002
Opphopningsindeks	0,0096	174	0,2746	0,9827	-0,02 %	-9	-78
Aleinebuande 30–66 år	0,0195	475 871	635	0,8285	-0,33 %	-183	-1 579
PU over 16 år	0,0491	19 431	39	1,2462	1,21 %	663	5 707
Ugife 67 år og over	0,0458	358 209	454	0,7869	-0,98 %	-535	-4 608
Barn 1 år utan kontantstøtte	0,0168	39 544	66	1,0434	0,07 %	40	345
Innbyggjarar med høgare utdanning	0,0184	1 392 556	2 087	0,9305	-0,13 %	-70	-604
1 KOSTNADSINDEKS	1,0000			0,99817	-0,18 %	-101	-866

(TILLEGG/TREKK KR PR INNB.)

Alle tal i 1000 kr

2 Tillegg/trekk (omfordeling) for kommunen i 1000 kr **-866**

3 Nto.virkn. statl/priv. skular **1 313**

4 Sum utgiftsutj. mm (2+3) 447

Gjennomsnittleg berekna utgiftsbehov i kr per innbyggjar: **54 839**

INNTEKTS GARANTIORDNINGA (INGAR)

Inntektsgarantiordninga skal sikre enkeltkommunar mot brå nedgang i rammetilskotet frå eitt år til eitt anna. Den sikrar at ingen kommunar får ein vekst i rammetilskotet per innbyggjar som er mindre enn 400 kroner under veksten på landsbasis. På landsbasis var veksten i rammetilskot 669 kr per innbyggjar frå 2019 til 2020, mens Ulstein fekk ein vekst per innbyggjar på 390 kr. Ulstein får difor ikkje tilført noko gjennom INGAR i 2020.

SKJØNNSTILSKOT

Skjønnstilskotet vert brukt til å kompensere kommunar for spesielle lokale forhold som ikkje vert fanga opp i den ordinære delen av inntektssystemet. For 2020 vert Ulstein tildelt 2,2 millionar kr basert på følgjande forhold:


- ▶ 300 000 kr etter generell vurdering
- ▶ 1 900 000 kr for særleg høge utgifter til ressurskrevjande tenestemottakarar

Samanlikna med 2019 er det ein nedgang i skjønnstilskotet på 0,85 million kr.

INNTEKTSUTJAMNING

Det skjer ei inntektsutjamning gjennom rammetilskotet der kommunar som ligg under landsgjennomsnittet i skatt per innbyggjar vert kompensert opp mot landssnittet.

Kommunar med inntekt over landssnittet vert trekt 60 % av meirinntekta. I tillegg får alle kommunane eit trekk for å finansiere ordninga med ekstra 35 % kompensasjon opp til 90 % av landssnittet, sjå illustrasjon til høgre.




AVKASTNING OG AKSJEUTBYTTE

Det er lagt inn ei forventa avkastning på plassering av langsigktig og kortsigktig likviditet på 5,887 millionar kr. Kortsigktig likviditet vert plassert i bank hjå hovudbanken (for tida Sparebank 1 Søre Sunnmøre), mens langsiktige midlar er til aktiv forvaltning hos Sydvestor. Utbytte frå Tussa Kraft AS er budsjettert med 1,5 million kr. I økonomiplanperioden er leigekostnad for infrastruktur på fjernvarme frå Ulstein fjernvarme AS lagt inn med 0,6 million kr per år. I samsvar med avtalen med Ulstein fjernvarme AS er det ei opptrapping av betalt andel av leigekostnaden i takt med den økonomiske utviklinga i selskapet.

LÅNEGJELD, RENTER OG AVDRAGSUTGIFTER

Ulstein kommune si lånegjeld ved utgangen av september 2019 er på 600,4 millionar kr. Samla lånegjeld for konsernet er på 1 530,2 millionar kr. Målt per innbyggjar eller opp mot kommunen si inntekt er dette svært høgt. Sjå elles grafen under for utviklinga i netto lånegjeld (langsiktig lånegjeld minus lån til vidare utlån og unytta lånemidlar) for perioden 2010–2018:



I perioden frå 2011–2018 har netto rente- og avdragsbelastning for konsernet auka frå 28,859 millionar kr i 2011 til 72,788 millionar kr i 2018. Målt i prosent av brutto driftsinntekter for konsernet, har rente- og avdragsbelastninga auka frå 5,95 % i 2011 til 9,83 % i 2018.

I økonomiplanperioden er det budsjettert med lånepoptak på 238,745 millionar kr. Av dette er 24 millionar kr knytt til lån til vidare utlån og 84,0 millionar kr til investeringar i sjølvkostområdet. Dei resterande investeringane som det er knytt størst lånepoptak til er utbygging av barneskulen (56 millionar kr), tomteutbygging på Skeide (34,7 millionar kr), ny brannstasjon (20 millionar kr) og ny barnehage (14,8 millionar kr).

RENTER

Vekta gjennomsnittsrente for Ulstein kommune er per september 2019 1,76 %. Kommunen har langsiktig rentesikring (utover eit år) på 34,7 % av gjelda per september 2019. Vekta rentebindingstid er 1,76 år. For eigedomsselskapet er vekta gjennomsnittsrente 2,06 %, mens 72,0 % av låna har bindingstid utover eit år og vekta rentebindingstid er 7,24 år.

AVDRAG

Ulstein kommune betalar avdrag etter minsteavdragsprinsippet. Minsteavdraget vert rekna ut etter prosentvis avskrivning i forhold til bokført verdi og ganga opp med netto lånegjeld. Minsteavdraget for 2020 er budsjettert til 22,8 millionar kr i kommunekassa.

Avdrag for UEKF vert budsjettert i selskapet sitt budsjett. For 2020 er det budsjettert med om lag 28,5 millionar kr i minsteavdrag.

Minsteavdrag i 2020 er rekna ut frå balanseverdiar per 1.1. 2020. Det er difor eit visst etterslep før investeringar slår ut med full verknad i minsteavdraget.

EKSPOSERING GJELD OG RENTERISIKO

Ulstein har Noregs nest høgaste netto lånegjeld målt i prosent av brutto driftsinntekter med 189,7 %. Snittet for Møre og Romsdal er på 104,4 %, mens den for landet er på 82,0 %.

Ei slik høg eksponering stiller krav til rentesikring. Det vart gjennomført ei omfattande rentesikring i eigedoms-selskapet og kommunen for nokre år sida. I tillegg har ein i 2019 inngått tre nye rentebytteavtalar

med framtidig oppstart på til saman 427 millionar kr. Dette gjer at store deler av gjelda er rentesikra godt ut over økonomi-planperioden. Rentesikring vil normalt auke rentekostnaden, men avgrense kostnaden ved ei brå rentestigning. Høg gjeld gir òg utfordringar med at ein stor del av driftsinntektene går til renter og avdrag. Dette stiller høge krav til kostnadseffektiv drift i kommunen.


ØKONOMISKE STYRINGSINDIKATORAR

Kommunestyret vedtok i mars 2018 følgjande styringsindikatorar ved budsjettering for å kunne betre dei finansielle nøkkelta/få ned lånegjelda:

- ▶ Netto driftsresultat skal minimum vere 1,75 % av driftsinntektene etter anbefaling frå TBU.
- ▶ Driftsfondet skal byggast opp til 7,5 % av brutto driftsinntekt, det vil seie om lag 54 millionar kr.
- ▶ Det skal vere minimum 20 % eigenkapital for lånefinansierte investeringar der driftsinntektene ikkje dekker driftskostnadane og renter/avdrag frå første fulle driftsår.
- ▶ Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter skal vere på snittet i Møre og Romsdal innan 15 år.

Av fleire grunnar har ein ikkje klart å stette desse målsettingane i årets økonomiplan. Eit uvanleg kostbart lønnsoppgjer, auka barnehagetilskot, vesentleg reduserte inntekter som fylgje av redusert busetting av flyktningar og nedlegging av asylmottaket, nullvekst i folketalet og ugunstige effektar av innlemming av øyremarka tilskot i rammetilskotet er blant dei mest sentrale årsakene. Samtidig vil investeringsnivået som vart vedteke i fjorårets økonomiplan innebere at ein tidligast kan få snudd gjeldsutviklinga i 2022, sjå figuren under:

Prognose utvikling brutto lånegjeld (konsern)



Utviklinga over er under føresetnad av at ein betalar ekstraordinære avdrag som følgje av forventa tippemiddeltildeling frå fylket på 25 millionar kr i 2020 for Ulstein Arena og budsjetterte inntekter frå tomtesal på Skeide på 82,7 millionar kr i perioden 2021–2023.

PRISVEKST OG LØNNSVEKST

Det er ikkje tilført midlar til kompensasjon for prisauke i økonomiplanen. Det ligg dermed ein reell reduksjon i driftsrammene for den enkelte eining på dette området i den grad dei ikkje kan kompensere for prisauken med auka inntekt. For lønsauke er det gitt kompensasjon for heilårsverknaden av lønsauke frå 2019 inn i 2020-budsjettet.



Ved Studio Hugo Opdal på Flø. Foto: Svein Arne Orvik

PENSJON

Samla pensjonskostnad for 2020 er budsjettert til 33,7 millionar kr. Grunna ny avtale om offentlig tenestepensjon er det lagt inn ein forventa reduksjon av pensjonskostnaden med 3,5 millionar kr i årets økonomiplan. Det er sett av 6,8 millionar kr til kostnadsføring (amortisering) av tidlegare års premieavvik. Premieavviket er skilnaden mellom det beløpet kommunen må betale til KLP/SPK og den pensjonskostnaden kommunen skal registrere i rekneskapen. Premieavviket er dermed betalt, slik at det belastar likviditeten, men ikkje ført som kostnad i kommunerekneskapen.

Ved utgangen av 2018 var det samla premieavviket 24,818 millionar kr. I 2019 vil tidlegare års premieavvik bli kostnadsført med om lag 5,3 millionar kr.

TILLEGGSLØYVING

Avsetting til tilleggsløyving er 550 000 kr for 2020. Det er Formannskapet som disponerer denne posten. I tillegg er det sett av 50 000 kr til tildeling til lag og organisasjoner etter søknad. Vedtak om fordeling er lagt til Levekårsutvalet.

DRIFTSFOND OG KAPITALFOND

Kapitalfondet er på 45,6 millionar kr ved inngangen til 2019. Det er budsjettert med bruk av 6,5 millionar kr frå kapitalfondet til investeringar i økonomiplanperioden, jamfør kravet om minimum 20 % eigenkapital. I 2019 vart det vedteke av kommunestyret å endre finansieringa av tomteutbygginga på Skeide. Utan dette vedtaket ville bruken av kapitalfondet ha vore 17,5 millionar kr høgare i økonomiplanperioden.

Driftsfondet i kommunekassa er på vel 36,5 millionar kr inkludert avsetning av overskot for 2018. I UEKF utgjer driftsfondet vel 8,6 millionar kr. I økonomiplanperioden er det i kommunekassa budsjettert med ein beskjeden avsetning på 188 299 til driftsfondet. Med den høge gjelda Ulstein kommune har burde kommunen ideelt sett bygge opp eit større driftsfond enn andre kommunar for å sikre seg mot endringar i rentenivået.

LIKVIDITET

Likviditeten i konsernet er i dag tilfredsstillande, men kravet om 20 % eigenkapitalfinansiering av investeringar vil isolert sett innebere at likviditeten svekkast noko. Eit positivt premieavvik vil òg føre til redusert likviditet. På den andre sida vil sannsynlegvis den gjennomsnittlege størrelsen på unytta lånemidlar gå opp som følgje av fleire store enkeltinvesteringar. Kommunekassa har òg ein langsiktig portefølje på vel 43 millionar kr til aktiv forvaltning som ein heilt eller delvis kan trekke inn etter behov.



I Ulstein har vi fått ei rekke Stikk UT!-turar. Foto: Svein Arne Orvik

Driftsbudsjettet (skjema 1A)

SKJEMA 1A						
	Rekneskap Tal i 1 kroner	Justert budsjett 2018	Økonomiplan 2019	Økonomiplan 2020	Økonomiplan 2021	Økonomiplan 2022
GENERELLE DRIFTSINNTEKTER						
Rammetskot	-205 073 162	-213 992 000	-221 723 000	-221 723 000	-221 723 000	-221 723 000
Inntekts- og formuesskatt	-262 419 850	-264 200 000	-273 313 000	-273 313 000	-273 313 000	-273 313 000
Eigedomsskatt	-14 618 434	-13 500 000	-12 750 000	-12 750 000	-12 750 000	-12 750 000
Andre generelle driftsinntekter	-34 870 704	-29 432 435	-20 853 500	-18 206 000	-18 206 000	-18 206 000
Sum generelle driftsinntekter	-516 982 150	-521 124 435	-528 639 500	-525 992 000	-525 992 000	-525 992 000
NETTO DRIFTSUTGIFTER						
Sum bevillingar til drift, netto	490 607 883	485 388 844	497 614 578	491 399 758	491 307 758	490 012 758
Avskrivinger	20 948 087	7 686 142	8 103 000	9 045 000	9 785 000	10 230 000
Sum netto driftsutgifter	511 555 969	493 074 986	505 717 578	500 444 758	501 092 758	500 242 758
Brutto driftsresultat	-5 426 181	-28 049 449	-22 921 922	-25 547 242	-24 899 242	-25 749 242
FINANSINNTEKTER/FINANSUTGIFTER						
Renteinntekter	-2 758 273	-2 887 000	-2 397 000	-2 397 000	-2 397 000	-2 397 000
Utbytte	-957 000	-1 100 000	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000
Gevinst og tap på finansielle omlopsmiddele	541 482	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000
Renteutgifter	9 221 924	11 978 811	13 412 988	15 249 569	15 469 249	15 510 049
Avdrag på lån	20 400 000	21 957 062	22 844 252	25 377 582	25 733 582	26 408 582
Netto finansutgifter	26 448 132	28 448 873	30 860 240	35 230 151	35 805 831	36 521 631
Motpost avskrivinger	-20 948 087	-7 686 142	-8 103 000	9 045 000	9 785 000	10 230 000
Netto driftsresultat	73 865	-7 286 718	-164 682	637 909	1 121 589	542 389
DISPONERING ELLER DEKNING AV NETTO DRIFTSRESULTAT						
Overføring til investering	475 000	0	200 000	0	0	0
Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	-1 025 714	915 932	-84 626	-664 626	-1 124 626	-651 626
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	704 401	6 468 320	49 308	26 717	3 037	109 237
Dekning av tidlegare års meirforbruk	-325 086	-97 534	0	0	0	0
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	-171 399	7 286 718	164 682	-637 909	-1 121 589	-542 389
FRAMFØRT TIL DEKNING SEINARE ÅR (MEIRFORBRUK).	-97 534	0	0	0	0	0
KONTROLLSUM ART 980 REKNESKA-PSMESSIG MEIRFORBRUK	0	0	0	0	0	0

Driftsbudsjettet fordelt på etatar (skjema 1B)

SKJEMA 1B		DRIFTSBUDSJETTET FORDELT PÅ ETATAR				
	Rekneskap	Justert budsjett	Økonomiplan	Økonomiplan	Økonomiplan	Økonomiplan
	2018	2019	2020	2021	2022	2023
